



Rekneskap
v/Jorunn Kjøde Fosse

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/52 - 19/16914

Saksbehandlar:
Eileen M Feste
EMF@lindas.kommune.no

Dato:
28.05.2019

Bokprosjekt; "Nordhordlandsbroen 25 år"

Vedtak

Styret i Samlelegat for Lindås har hatt saka til uttale 24.05.19.

Styret støtter løyving til bokprosjekt om Nordhordlandsbroa 25 å. Saka er i tråd med vedtektene.

Styret i Samlelegat for Lindås løyver kr 35.000.- til bokprosjektet « Nordhordlandsbrua 25 år ».

Bakgrunn

15. mars kom det søknad frå Boknemda for jubileumboka «Nordhordlandsbrua – 25 års jubileum».

I samband med at det i år er 25 år sidan Nordhordlandsbrua vart opna for trafikk, er det teke initiativ til å relansere boka som vart skreve i samband med dette. Nytt er at Arthur Kleiveland har fått i oppdrag å skrive eit eige kapittel om utviklinga i regionen etter brua vart opna, og kva for betydning den har hatt.

Det vert søkt om kr 35.000 til prosjektet. Ordførar har foreslått at midlane kan takast frå Samlelegat for Lindås. Samlelegat for Lindås kan støtte slike bokprosjekt. Meland kommune støttar prosjektet økonomisk.

Om prosjektet

«Nordhordlandsbrua – Frå kongstanke til røyndom»

Boka vart utgjeven i 1994 i samband med opning av Nordhordlandsbrua. I innleiinga skriv Sverre Helland (for boknemda) , mellom anna at «Meininga med denne boka er å fortelja litt om levemåte og reisemåte for folket i Nordhordland i gamal tid og fram til i dag. Men det er først og fremst litt av historia om korleis eit distrikt sundrive av fjordar og øyar – ved eigen innsats og med samarbeid innan distriktet og fylkeskommunale og sentrale styresmakter - no er bunde saman med vegar og bruer».

Den opprinnelege boka inneheld svært mykje historikk om Nordhordland heilt frå 1870 talet og fram til 1994. Vi kan nemna f.eks. samferdsel, 166 stoppestader for dampbåtane, 49 meieri. Omtale om når bilen kom til Nordhordland, ferjene, bruene og vegane med årstal då dei vart bygde.

Johannes H. Fosse som og var med i den første boknemda har teke initiativet til å få gjeve ut denne boka på nytt med eit tillegg om kva ringverknader Nordhordlandsbrua har fått for regionen i ettertid . frå 1994 til

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



2018. Det gjeld m.a. utvikling i kommunikasjonar, vekst i folketalet, bustadbygging, næringsutvikling o.s.v.. Boknemda satsar på å gje ut boka som ei 25 års jubileumsbok .

Mange har etterspurt den opprinnelege boka som vart trykt i ca 1000 eksemplar. Men den har ikkje vore tilgjengeleg dei siste 20 åra.

I den overordna kulturplanen til Lindås kommune heiter det m.a. at:

*Bygdeidentiteten skal ivareta *Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg Boka har stor kulturhistorisk verdi for Nordhordland Målgrupper – frå 10 til 100 år. Boka bør vera tilgjengeleg i skuleverket og vera ein del av lokalkunskapen til ungdomane våre. Bruopninga var i september 1994. Jubileumsboka må difor vera ferdig seinast i august 2019.

Bokla vert ikkje realisert utan økonomisk støtte.

Boknemda for jubileumsboka «Nordhordlandsbrua – 25års jubileum» består av Johannes H. Fosse, Einar Vatne , Paul Scholz og Rune Brundtland

Med helsing

Eileen M Feste
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Rekneskap